



Vinje 08.04.2024

Medlemar i Rauland Fjellstyre
(*kopi til varamedlemmar, Vinje kommune, Rauland JF, Ulvik FS*)

Innkalling til møte i Rauland Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 22.04.2024 kl 18:00

Stad: Rauland Kraftforsyningslag

Saker til styremøtet:

Sak 12/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 13/24: Revidering av avtale mellom Ulvik Fjellstyre og Rauland Fjellstyre vedr reinsdyrjakt

Sak 14/24: Reinsdyrjakt 2024

Sak 15/24: Småviltjakt 2024

Sak 16/24: Fiske 2024

Tor Åge Dale
Leiar

Rune Aarhus
Sekretær

Sak 12/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik den ligg føre.

Sak 13/24: Revidering av avtale mellom Ulvik Fjellstyre og Rauland Fjellstyre vedr reinsdyrjakt

Saksdokument:

Reinsdyrjaktavtale Rauland FS og Ulvik FS.

Saksutgreiing:

Rauland FS og Ullvik FS har over fleire år hatt ei avtale som opnar for at jegerar med reinsdyrkort på Ulvik Statsallmenning kan jakte på Rauland Statsallmenning. I betaling har Rauland FS fått reinsdyrkort til vidaresal.

Det har ikkje lukkast å finne den skriftlege avtala utførd mellom fjellstyra og det er difor ynskjeleg å få denne avtale skriftleggjort.

Det vert difor utarbeid eit forslag frå Rauland FS til avtale. Sekretær har hatt dialog med sekretær for Ulvik FS i forkant, det er tatt omsyn til slik avtale har vore muntleg og andre avtaler mellom statsallmenningane på Hardangervidda.

Bakgrunnen er at Rauland SA er eit attraktivt terreng med mykje frekventering av dyr i jakta. Ulvik har tradisjonelt meir varierande grad av dyr på eige terreng, men mykje kort. Det er difor ynskjeleg for dei å få innpass på Rauland. Rauland FS ynskjer betaling i kort per jeger. Det er også satt maks tal på jegerar som kan få innpass. Tal på kort i betaling varierar med kvote. Dette er i tråd med tidligare avtale.

Forslag til vedtak:

Avtale om reinsdyrjakt mellom Ulvik FS og Rauland FS vert godteke slik den ligg føre og sendt til Ulvik for handsaming. Ved evt korrigeringar frå Ulvik FS får sekretær i samråd med leiar fullmakt frå fjellstyret til å forhandle fram ferdig avtale.



Sak 14/24: Reinsdyrjakt 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Me vart tildelt 34 kort for jakta 2023 med kvote på 4000 dyr. Kvota i inneverande år ser ut til å havne på det same, med uttak kun av vaksen bukk. I tillegg fekk 5 kort til sal i fjar gjennom avtale med Ulvik (denne avtala er no under revidering).

Det vart kun seld 1 pakke til utanbygds jegerar i fjar. Me vart kvitt alle 39 korta, men det tok lang tid og mange av korta gjekk då som tilleggskort. Det var 50 søkerar, men berre 29 som takka ja av innanbygdsjegerar.

For 2024 er det forslag på å leggje ut 2 utanbygdspakker. Dette gje inntekter på 24.000,- og vil kun gje innpass av 2 utanbygdsjegerar. Dersom søkermassa er som i fjar og me får kort frå Ulvik, har me sannsynlegvis 10-14 kort ekstra etter at alle har fenge fyrste tilbod. Etter dette vil kanskje nokon takke ja til tilleggskort, sel me 2 pakker til utanbygds har me fortsatt då tilgjengeleg kort til dette.

Grunnen til at me føreslår å leggje ut 2 utanbygdspakker med ein gong er at mange utanbygdsjegerar søker på mange stadar i landet og utovar sommaren vert det vanskelegare å få seldt korta også til utanbygds.

Framlegg til vedtak:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 5 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort, tilbyr ein tilleggskort til innanbygds til redusert pris. Prisen pr kort skal då vere 1000,-. Sekretær sender ut felles e-post til dei som har teke ut kort og tilbyr ekstra kort. Tildeling av desse etter trekningslista.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort. Dersom ny avtale er underskrevet av begge partar før jakta 2024 trår denne i kraft. Sekretær i samråd med leiar har fullmakt til å fullføre og underskrive denne.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre avtale om samjakt med Rauland JF.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre avtale om samjakt med Berunuten Vest.
6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylge den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.



7. Det oppretta ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står fyrst på trekkingslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk (mest sannsynleg ikkje gjeldande i 2024, kun bukkekort 2 ½ år og eldre).

8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i følgjande prioritert rekkefølge etter trekkingslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv

9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarende verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.

10. Jegerar med allmenningsrett på Rauland Statsallmenning kan ta med seg framandkort inn på allmenningen mot å betale 500,- pr jeger. Utanbygds som har fått kort på Rauland SA kan ta med seg framandkort mot å betale 1000,- pr kort.

Det opnast ikkje for innslepp av andre jegerar på Rauland SA i 2023.

Forslag til vedtak:

Sak 15/24: Småviltjakt 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Rauland FS hadde småviltjakt i 2023 på tross av at mange stengte for jakt i fjor grunna därlege tal på takseringar. Det var Statskog som var tidleg ute med dette og mange fylgte på. Årsaka er at Rauland Statsallmenning utelukkande er høgfjellsterreng med kun fjelljupebestand. Taksering har per dd ikkje vore aktuelt grunna dette, her kan det kome endringar då dette er noko som vert jobba med i forskingsmiljø å finne gode løysingar på. Rauland SA ligg også vanskeleg tilgjengeleg utover seinhausten og småviltjaka startar ikkje før reindsyrjakta er ferdig. Difor har me også ein kort jaktperiode i praksis, med relativt få effektive jaktdagar. Det har også heile vegen vore baglimit på 3 rjuper/ dag.

Oversikt over jakta siste 8 år kjem på neste side.



| År | Tal jegerar | Har rapportert | Ikkje jakta | har jakta | ikkje fangst | fangst | fjellryper | liryper | hare |
|-------------|--------------------|-----------------------|--------------------|------------------|---------------------|---------------|-------------------|----------------|-------------|
| | | | | | | | | | |
| 2016 | ikkje jakt | | | | | | | | |
| 2017 | ikkje jakt | | | | | | | | |
| 2018 | 80 | | 27 | 53 | 18 | 35 | 55 | 3 | 0 |
| 2019 | 67 | | 23 | 44 | 8 | 36 | 59 | 9 | 1 |
| 2020 | 62 | 58 | 22 | 36 | 22 | 14 | 32 | 3 | 0 |
| 2021 | 94 | | 23 | 71 | 18 | 94 | 94 | 0 | 0 |
| 2022 | 77 | | 19 | 58 | 15 | 43 | 75 | 9 | 0 |
| 2023 | 81 | | 25 | 56 | 16 | 40 | 64 | 1 | 1 |
| 2024 | | | | | | | | | |

Forslag til vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2024 med desse avgrensingane:

- Jakttid 1. oktober til 28 februar 2025
- Maks tre rjuper per dag/jeger
- Det seljast 15 vekekort fyrste veke
- Det seljast 15 vekekort andre veke
- Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste vekene
- Det leggast ut 4 årskort for sal frå 1 oktober.
- Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA

Smårovvviltkortet vert vidareført som før

Rjupejakta leggast ut for sal 1. mai.

Sak 16/24: Fiske 2024

Saksdokument:

Ingen større endringar i fiske. Prisane vart justert i fjar.

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Fiskekortordninga vidareførast via sal på inatur og samarbeid om sal av felles fiskekort via HG.

